



LINDÅS KOMMUNE

« VURDERING FOR LÆRING »

Retningslinjer for skulane i Lindås



Forord

For å kunne styrkje kvaliteten i undervisninga og vurderinga, må vi vite kva god undervisning og vurdering er. God undervisning og vurdering er knytt opp mot eit pedagogisk grunnsyn som igjen er avhengig av kva verdisyn vi har. Undervisninga og vurderinga skal vere god for alle elevar uansett føresetnadar. God undervisning og vurdering skal ha som mål å gi alle born og unge den kompetansen dei treng for å klare seg best mogleg i samfunnet.

St.meld. nr.11 (2008-09) *Læraren - rolla og utdanninga*, understrekar læraren sin avgjerande rolle for elevane si læring i skulen. Gode lærarar arbeider systematisk, er fagleg dyktige, og gir relevante og konstruktive tilbakemeldingar til elevane sine. Dei tilpassar opplæringa etter eleven og faget. Læraren som har relasjonskompetanse, didaktisk kompetanse og kompetanse i leiing, har gode føresetnadar for å planleggje, vurdere og reflektere rundt eiga undervisning. Dei lærarane og deira elevar har gode føresetnadar for å lukkast.

Grunnskulane i Lindås har gjennom fleire år arbeid aktivt med utvikling av ein god vurderingspraksis. Skulane og lærarane har auka sin kompetanse gjennom etter- og vidareutdanning, utprøving og felles refleksjon. Sentrale prinsipp i vurderingsarbeidet er nedfelt i arbeidet i klasserommet og er med på å styrkje elevane sine læringsresultat. Den gode praksisen vert her nedfelt som felles retningsliner for alle skulane i Lindås.

Lukke til vidare med utvikling av ein god vurderingspraksis!

15.oktober 2013

Øistein Søyvik
rådmann

Formål med vurdering

Vurdering skal fremje læring og utvikling hos elevane. Vurdering skal dokumentere kompetanse undervegs og til slutt i opplæringa, og skal sikre ein nasjonal standard. Dette er med på å sikre at alle elevar får eit godt og likeverdig opplæringstilbod. Vurdering i grunnopplæringa skal delast inn i undervegsvurdering og sluttvurdering. Det er viktig og nødvendig for elevane å kjenne til formålet med vurdering før arbeidet startar. Dei må også vite når dei skal vurderast, kva dei skal vurderast i, og kva for vurderingsform som skal nyttast.

Undervegsvurdering – vurdering for læring

Vurdering for læring er undervegsvurdering (forskrift til opplæringslova § 3-11)
Vurdering for læring er vurdering som fremmer læring. Vurderinga skal vere systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg.

Formålet med undervegsvurdering er:

- Den skal vere eit reiskap i læreprosessen og ein integrert del av opplæringa.
- Den skal gi eit grunnlag for tilpassa opplæring
- Den skal vere med å gi auka kompetanse til eleven

Undervegsvurdering byggjer på fire viktige prinsipp:

Prinsipp 1 Elevane må forstå kva dei skal lære (mål) og kva som er forventa av dei (kriterium)

Kjenneteikn:

- Konkretisering av kompetansemåla i læreplanen
- Tydelege mål for timen/perioden blir presentert i starten av læreprosessen
 - o Kvar læringsøkt starter med å førebu eleven på kva ein skal lære
 - o Kvar læringsøkt avsluttar ein med å sjekke ut kva eleven har lært
- Måla tek utgangspunkt i kunnskapen eleven allereie har
 - o Kva eleven allereie kan, må sjekkast ut
- Læringsmåla vert fordelt over periodar og gir oversikt over læringsarbeidet
- Kriterium for måloppnåing, dvs. kva som kjenneteiknar kvaliteten på kompetansen på ulike nivå
- Kriteria må vere tilpassa aktuelle kompetansemål/læringsmål sett i forhold til kva eleven skal lære
- Mål og kriterium for måloppnåing vert laga tidleg og i samarbeid med eleven

Prinsipp 2 Elevane får tilbakemeldingar som fortel om kvalitet på arbeidet eller på prestasjonen

Kjenneteikn på gode tilbakemeldingar er dei som:

- Tek utgangspunkt i eleven si måloppnåing
- Gir rettleiing til eleven om korleis han/ho kan auke kompetansen sin
 - o Er konkrete og seier kva som er bra og kvifor
 - o Er spesifikke, tydelege og knytt til læringsarbeidet
 - o Tek utgangspunkt i fagleg innhald, eleven sin bruk av grunnleggjande dugleik /læringsstrategiar.
- Vert gitt medan eleven arbeider med måla
 - o Obs: karakterar kan skyggje for tilbakemelding

Prinsipp 3 Elevane får råd om korleis dei kan gjere det betre

Kjenneteikn på gode framovermeldingar:


- Skulen har gode system og rutinar for fagsamtale / læresamtale
 - o tilbakemelding og framovermelding i alle fag
- Læraren hjelper eleven til å merkja seg eiga måloppnåing i læringsprosessen og kva eleven skal gjere for å oppnå større kompetanse
 - o Kva skal du kunne?
 - o Kvar er du no?
 - o Kva kan du?
 - o Kva skal du jobbe vidare med for å nå nye mål?
- Framovermeldingane vert utforma i eit positivt språk
 - o Dette har du fått til
 - o Her er du no

Prinsipp 4 Elevane lærer best når dei er involverte i eige læringsarbeid

Kjenneteikn på god elevmedverknad er:


- Eleven er med i vurdering av sitt eige arbeid, sin eigen kompetanse og si eiga faglege utvikling
- Eleven må oppleve meining med og forståing for mål og læresprosessane
 - o Elevane deltek i refleksjonen rundt læringsarbeidet
 - o Eleven diskuterer kva som er måla for opplæringa
- Elevane utviklar kompetanse og forståing i høve til vurdering av eige og andre sitt arbeid
 - o Elevane vurderer sitt eige arbeid
 - o Elevane vurderer arbeidet til kvarandre. t.d. kameratvurdering

Årshjul for vurdering



Oversikt elevvurdering og foreldresamarbeid

Forskrift til opplæringslova gjev pålegg om å gjennomføre ulike samtalar og tilbakemeldingar



Kjelde: Haugsund kommune

Oversikt over krav til innhald i ulike elevsamtalar, og i skule-heimsamtalen

Elevsamtalar			
Elevsamtale om fagleg utvikling	Dialog om anna utvikling	Tilbakemelding orden og åtfærd	Klasseroms vurdering
<p>Minst ein gong pr. halvår, jf. elevsamtalen § 3-11 og halvårsvurdering i fag § 3-13 i Forskrift til opplæringslova</p>	<p>jf. § 3-8 i forskrift, Prinsipp for opplæringa – Læringsplakat, Generell del L-06, Opplæringslov § 1.1, Det psykososiale miljøet i opplæringslova Kap 9a-3 og rundskriv Udir-1/2010</p>	<p>jf. § 3-5, § 3-6 og Halvårsvurdering i orden og oppførsel §3-15 i forskrifta</p>	<p>jf. § 3-11, 1 og 2.ledd i forskrifta. Undervegsvurderinga skal gjevast løpande og systematisk</p>
<p>KRAV TIL INNHALD</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikling i forhold til kompetansemål - Meistring og forventningar - Råd om vegen vidare - (Halvårsvurdering utan karakter på ungdomstrinnet) 	<p>KRAV TIL INNHALD</p> <ul style="list-style-type: none"> - Psykososialt læringsmiljø/mobbing (9a-3) - Eleven sitt daglege arbeid (§20-3) <ul style="list-style-type: none"> o Sosial kompetanse o Samarbeid o Motivasjon for læring o Læringsstrategiar o Tilpassa opplæring o Elevmedverknad 	<p>KRAV TIL INNHALD</p> <ul style="list-style-type: none"> - Orden (§3-5) - Åtfærd (§3-5) - Fråvær (§3-5 og 3-41) 	<p>KRAV TIL INNHALD</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kan vere både munnleg og skriftleg <ul style="list-style-type: none"> o Fag/læresamtale o Framovermelding o Tilbakemelding o Motiverande
<p>Teikn på god praksis</p> <ul style="list-style-type: none"> - Elevsamtalen motiverer eleven i læringsarbeidet - Elevsamtalen gjev tilbakemelding om framgang og er eit grunnlag for tilpassing - Eleven får vera med på å påverka innhaldet i elevsamtalen og vurderer eige arbeid - Eleven tek opp sosial utvikling, trivsel, orden og åtfærd - Læraren gjev tilbakemelding om korleis eleven står i høve til kompetansemåla - Læraren si tilbakemelding gjev rettleiing om korleis eleven kan heve kompetansen sin - Læraren tek ansvar for å følgje opp vurderingane - Læraren dokumenterer den enkelte eleven si faglege utvikling - Læraren nyttar kunnskap om eleven sin faglege ståstad til planlegging av undervisninga 			

Skule-heimsamtalen		
<p>I samsvar med forskrift til opplæringslova §20-3 om foreldresamarbeid i grunnskulen, må samtalskjema til skule-heimsamtalen innehalda både <i>Eleven si faglege utvikling</i> og <i>Dialog om anna utvikling</i>. <i>Tilbakemelding i orden og åtfærd</i> kan i følgje § 3-15 gjevast munnleg eller skriftleg</p>		
Eleven si faglege utvikling	Dialog om anna utvikling	Tilbakemelding orden og åtfærd
<p>Jf. Prinsipp for opplæringa – Læringsplakat – Generell del L-06 – Opplæringslov § 1.1 – Halvårsvurdering § 3-15</p>		
<p>I tillegg skal foreldre få munnleg eller skriftleg:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Varsling om eleven sitt fråvær 2. Varsling dersom det er fare for at det ikkje er grunnlag for vurdering i fag, orden og åtfærd eller fare for at eleven kan få karakteren nokså god eller lite god i orden og åtfærd, jf. § 3-7 (skriftleg) 3. Informasjon om eleven og foreldra sine plikter etter opplæringslova og forskrifta, jf. § 3.3 4. Anna viktig informasjon om eleven med mindre den er underlagt teieplikt eller anna lovgjeving 		

Krav til dokumentasjon § 3-16: " Det skal kunna dokumenterast at undervegsvurdering er gjitt"

DOKUMENTASJON – KRAV TIL LÆRAR

- Klasselister med dato og namn for gjennomføring av samtalan skulen har i sitt system
- Oversikt over kva struktur/system som er brukt for eigenvurdering og klasseromsvurdering i faga
- Informasjon om korleis elev og foreldre er gjort kjent med måla for opplæringa og kriterium for vurdering.

DOKUMENTASJON – KRAV TIL REKTOR

- Skulen har system for å følgje opp vurderingsforskrifta med eige årshjul og malar til samtalar
- Kvar skule avgjer kva elevar og foreldre skal få skriftleg, der det ikkje er eit krav at det skal vera skriftleg
- Systemet på ein skule gjeld i alle klassar og for alle elevar/foreldre

Skuleeigar – eit overordna ansvar

Skuleeigar har eit overordna ansvar for skulane og skal etter opplæringslova § 13-10 ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i opplæringslova og forskrift til denne vert oppfylt, og for å følgje opp resultat frå desse vurderingane.

Skuleeigar si oppfølging av skulane sitt arbeid med «Vurdering for læring»

I dei halvårige kvalitetsvurderingssamtalane mellom skule og skuleeigar eller i samband med dei årlege skulebesøka skal «Vurdering for læring» vere eit fast tema.

Med utgangspunkt i kap.3 i forskrift til opplæringslova, kommunen sine retningslinjer og skulen sitt system skal skulen kunne synleggjere og dokumentere eigen praksis.

Viktige tema til drøfting:

- Korleis sikrar skulen god praksis knytt til dei fire prinsippa for »Vurdering for læring»?
- Kva system har skulen bygd opp?
- Skulen sine sterke sider – god praksis som det er viktig å halda fast på?
- Skulen sine utfordringar?
- Foreldremedverknad?

Vedlegg og ressursar

Vedlegg:

1. Dokumentasjon av halvårsvurdering etter kap.3 i forskrift til opplæringslova
2. Dokumentasjon av elevsamtale, halvårsvurdering og skule-heimsamtale etter kap.3 og § 20-3/4 i forskrift til opplæringslova
3. Tre skjema til bruk i samband md evaluering av praksis (for lærar, skule og skuleeigar)

Ressursar:

UDIR – nettside [«Vurdering»](#)

UDIR – nettside [«Vurdering for læring»](#)

UDIR – nettside [«Vurdering for læring»](#)



..... barneskule

Dokumentasjon av halvårsvurdering etter kap.3 i forskrift til opplæringslova

<p>Eleven sitt namn:</p> <p>Skuleår:</p> <p>Årstrinn:</p>
--

Halvårsvurdering i fag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13		
Fag	Oppnådd kompetanse	Vidare arbeid
Norsk		
Engelsk		
Matematikk		
Naturfag		
Samfunnsfag		
RLE		
Kroppsøving		
Mat og helse		
Musikk		
Kunst og handverk		
Halvårsvurdering i orden og oppførsel, jf. forskrift til opplæringslova § 3-15		
Orden		
Oppførsel		
Anna utvikling		

Elevsamtale gjennomført - dato: _____

Foreldresamtale gjennomført - dato: _____

underskrift elev

underskrift lærar

underskrift foreldre



..... skule

Dokumentasjon av elevsamtale, halvårsvurdering og skuleheimsamtale etter kap.3 og § 20-3/4 i forskrift til opplæringslova

Klasse:
Skuleår:
Årstrinn:

Dokumentasjon av halvårsvurdering, jf. forskrift til opplæringslova §			
Namn elev	Dato halvårsvurdering	Dato elevsamtale	Dato foreldresamtale

Stad og dato:
 Underskrift kontaktlærer: